DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

Referat
SR 23-27/31

Møte i Sveio sokneråd

Dato: Torsdag 15. oktober 2026
Tid: kl. 19:00 – 21:00
Stad: Sveio soknehus, Steinhaugvegen 10, 5550 Sveio, Møterommet ved inngangen.

Ord for dagen ved prost Arild Steinsland, om «er det rett å svara skatt til keisaren?» (Matteus 22)

Saksliste:
Saksnummer ***Sakstittel***

SR 53/26 **Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden**

Møtt:
Rune Hjelmeseter
Anne Vierdal
Astrid Yasmin Furdal
Leiv Rossehaug
Lars Edvart Larsen (vara, med stemmerett)
Arild Steinsland (geistleg)
6 av 9 medlemmer møtte – soknerådet er vedtaksfør

Forfall:
Solfrid Lier Habbestad
Bente Hovland Johannesen
Hildur Larsen
Sigrund Breistig
Lars Severin Reiersen (vara)
Rikard Stokkenes (vara)

Servering: Astrid kom seint, Leiv fann noko i frysen.
Eventuelle innvendingar til innkallinga - ingen
Saker til eventuelt:
Kandidatar til frivilligprisen, frist for å melde inn 4. november
Dugnadsliste

Vedtak:
Soknerådet godkjenner innkalling og set dagsorden.

SR 54/26 **Godkjenning av referat frå sist soknerådsmøte**

Ingen merknader.

Vedtak:
Soknerådet godkjenner referatet.

SR 55/26 **Gudstenester sidan sist**
Orienteringssak

27. september – Bondens marknad: Trude hadde gudstenesta. Mykje folk, barnekoret song under leiing av Solfrid, då Serine var borte. Nesten ingen kyrkjevertar! 20 bøker vart delt ut (4 og 6-årsbok)

SR 56/26 **Utvalsmøte sidan sist**
Munnleg orienteringssak

Råd og utval:
- Kyrkjeleg fellesråd – Neste møte 28. oktober
- Koordinator for kyrkjevertgruppene – Ingen i møtet
- Utval for kyrkjeleg undervisning og læring KUL (trusopplæringsutvalet) – Ikkje hatt møte
- Gudstenesteutvalet – Har ikkje hatt møte sidan utnemninga. *Leiar sender ei oppfordring til utvalet om å kome i gang med arbeidet.*
- Diakoniutvalet – Ingen i møtet

SR 57/26 **Oppnemning av nominasjonskomité for Kyrkjevalet 2027**
Vedtakssak

Kyrkjevalet 2027 blir gjennomført digitalt i perioden 10. august – 13. september. Fellesrådet får ansvar for å organisere røysting ved oppmøte, mens soknerådet har ansvar for godkjenning av lister, kunngjering og mobilisering av veljarar.

Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomité, som skal starte arbeidet med kandidatar til lista seinast januar 2027. Nominasjonskomiteen skal ha minimum 3 medlemmer og jobbe uavhengig av soknerådet. Listeforslaget skal vere klart seinast 15. april 2027. Det er lurt å starte i god tid.

Leiar føreslo at soknerådet oppnemner 3 medlemmer til nominasjonskomiteen, slik at dei kunne kome i gang med arbeidet.

Vedtak:
Soknerådet bed leiar spørje aktuelle personar utanfor soknerådet om dei kan tenkje seg å utgjere nominasjonskomiteen. Leiar kjem tilbake i neste møte med liste over kandidatar til nominasjonskomiteen, som då blir vedteke i møtet.

SR 58/26 **Juletrefesten januar 2027**
Vedtakssak

Juletrefesten er føreslått søndag 3. januar. Prosten inviterer på nyttårssamling på Stord same dag. I fjor hadde diakoniutvalet ansvaret for planlegginga og knytta til seg folk ved behov.

Forslag somo kom inn per e-post i forkant av møtet:
«Januar 2026 blei juletrefesten flytta til 11. - og det blei for lang tid etter jul, meinar eg. Folk er ferdig med julefeiringa lenge før. Dessutan er basaren alt flytta til over nyttår.
Kanskje me kan droppe den festen i januar kommande år, og heller opna for at songtreffet 14. desember blir ein adventsfest for alle,- med gong rundt juletre og julebakst (klokkeslettet er 15:00- 16:30, så borna har fri frå skulen»

Vedtak:
Soknerådet flyttar juletrefesten til **onsdag 30. desember klokka 17:00.**
Soknerådet oppnemner Rune Hjelmeseter til leiar av komiteen, og Anne Vierdal blir med. Leiar kallar inn til møte i komiteen.

SR 59/26 **Val av leiar og nestleiar for 2027**
Vedtakssak

Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar. Dei bør veljast blant dei leke medlemmene i rådet, sjølv om det ikkje er noko formelt til hinder at prest eller ein kyrkjeleg tilsett som eventuelt er vald inn i rådet, kan veljast. Leiaren og nestleiaren må veljast blant dei faste medlemmene i rådet.

Vervet som rådsleiar har oppgåver som fell naturleg som leiar:
- Innkalling til møte
- Forslag til saksliste
- Førebuing av sakene

- Leiing av møtet
- Oppfølging av vedtak

Leiar får godtgjersle for arbeidet etter eige lokale reglement (vedtak i fellesrådet). I tillegg kjem møtegodgjersle per møte for alle som møter, samt kilometergodgjersle for reiseavstand over 1 km.

Vedtak:
Leiar: Rune Hjelmeseter, for eitt år
Nestleiar: Leiv Rossehaug, for eitt år

SR 60/26 **Eventuelt**

1. Kandidatar til frivilligprisen
Sokneårdet kan melde inn kandiatar til frivilligprisen i prostiet. Frist for å melde inn er 4. november.
Vedtak: Soknerådet vil nominera diakoniutvalet i Sveio, ved Bent Rune Sinnes, Bente Hovland Joannnessen og Sigrund Breistig, for arbeidet med å få på plass diakonistillinga i Sveio. Anne Vierdal set opp forslag til grunngjeving, som leiar sender inn.

2. Dugnadsliste for soknerådet
Solfrid Lier Habbestad har sett opp eit utkast til dugnadsliste i forkant av møtet.
Soknerådet meiner ein må ha ein gjennomgang på kva type arrangement som skal vere ein del av ei eventuell dugnadsliste. Skal til dømes oppsett av rodelister i forkant av fasteaksjonen reknast som slik dugnad? Fleire av soknerådet sine arrangement, som konfirmantfesten og basaren, krev at alle stiller på gjennomføringa. Arbeidet med lista må takast opp att i neste møte i soknerådet.

SR 61/26 **Møtekritikk**

Ingen merknader

Neste, og siste møte i 2026 er torsdag 12. november

Referat: Rune Hjelmeseter 21. oktober 2026